



Morgon på marknadsplassen i Korosten for npkre år sidan fotografert av Tormod Myklebust

Også i år vert det innsamling av brukte klær, sko, sengetøy, gardiner og anna til Ukraina opplysar Tormod Myklebust. Innsamlinga skal skje måndag 20 april om ettermiddagen og då stoppar trailaren i Rosendal, Uskedalen, Husnes og Sæbøvik, Tidspunkt vert offentleggjort i papiravisene.

Etter store innsamlingar i fleire år er dei som står bak spente på om folk stiller opp med sekker også i år. I stor grad er det dei same som stillar opp kvar gong. Men mange fleire kan vera med. Kvar ting som vert lagt i sekken vert til nødvendig hjelp for nokon i Tsjernobylområdet, understrekar Myklebust.

Han har fått ei helsing frå Sergiy Kovalchuck som bur i Korosten og som både er lærar og TKH-stiftingas mann i byen som koordinator, tolk og altnuligmann. I situasjonsrapporten slår han fast at heile siste året har vore turbulent og tragisk i landet, først Maidan, då folk reiste seg mot urettferdigheit, korrupsjon og banditter i landets styre. Så krigen med Russland for å beskytte Ukraina og ha verkeleg uavhengigheit.

Kovalchuck held fram at landet no gjennomlever den mest tragiske periode det har hatt. For å beskytte landet mot rusisk aggresjon brukes store beløp på militæret. Utstyret vart bevisst øydelagt og må gjenreisast og da kollapsar økonomien.

Den ukrainske valutaen fell og med det stig prisane kolossalt. Sjølv små lønner vert redusert fordi alle må betala militærskatt. Kommunale avgifter vert dobla av prisen på gass og elektrisitet og folk veit ikkje kva som vil skje imorgon-

Russland kan og vil halda fram med den store krigen når som helst for å nå målet sitt som er full kontroll eller å øydeleggja landet fullstendig, meiner Kovalchuck, Men akkurat no er det nokonlunde stille i fronten.

Kovalchuck rettar ein hjarteleg takk til folk i Kvinnherad og Noreg for alt vi gjer for å hjelpe

Tekst: Tormod Myklebust og Ola Matti Mathisen

Foto: Tormod Myklebust

Nett: Ola Matti Mathisen